

Emnekurs digital heimeoppfølging

Helsetenester på nye måtar

I samband med pågåande prosjekt om digital heimeoppfølging der alle kommunane i Helse Førde sitt område er invitert med, arrangerer vi no tverrfagleg emnekurs om digital heimeoppfølging. Kurset er basert på helsedirektoratet sin mal og har bidragsytarar frå Helsedirektoratet, Helse Førde og Søre Sunnmøre i tillegg til bidragsytarar frå kommunar i DHO prosjektet lokalt.

Føremål med kurset

Skape engasjement, auke kunnskapen om digital heimeoppfølging (DHO) og legge grunnlaget for lokal samhandling. Målet er å etablere ei plattform for samhandling mellom helsepersonell i kommune, fastlegar og sjukehus.

Målgruppe

Legar, sjukepleiarar og andre helseprofesjonsgrupper med interesse for teknologi i utvikling av samhandling i helsetenesta.

Arbeidsmåtar

Webinar, drøftingar, praktisk demonstrasjon og fysisk undervisning.

Målsetting

- Auke samhandlingskompetanse mellom profesjonsgrupper i helsetenesta med vekt på pasienten og pasientens meistring av kronisk sjukdom.
- Auke kjennskap til, og kunnskap om teknologiske løysingar for å følge opp pasientar på avstand, det vil seie utan fysisk kontakt.
- Få innsikt i kritiske aspekt ved digital heimeoppfølging, inkludert fordelar og fallgruver.

Læringsmål

Etter kurset skal deltakarane ha kunnskap om digital heimeoppfølging, inkludert arbeidsmetodar og teknologi for å yte helsetenester på avstand. Eit sentralt fokus er samhandling med fastlege og kommunale tenester, fremje teamarbeid og finne gode lokale løysingar for digital heimeoppfølging.

Kurspoeng

Kurset er teljande 15 poeng for emnekurs i allmennmedisin og 15 poeng for samfunnsmedisin. Kurset er også godkjent av Norsk sykepleierforbund som teljande kurs.



Kurskomité

- Marius Tyssvang, leder (spesialist i allmennmedisin, seniorrådgiver Helsedirektoratet)
- Jørgen Urnes (fastlege Trondheim, rådgiver Helsedirektoratet)
- Vibeke Tellmann (sykepleier/prosjektleder DHO i Bodø kommune)
- Marius Edvardsen (fastlege/prosjektlege DHO i Bodø kommune)
- Bendik Westlund Hegna (sykepleier/programleder Akershus universitetssykehus)

Kurstimar

2-dagers kurs med 15 timars innhald inkludert pausar.

Kursavgift

Kurset er gratis. Eventuell reise og opphald er ikkje inkludert.

Kursgjennomføring

Kurset vert organisert på to dagar med 15 kurstimar totalt. Kurskomiteen godkjenner opplegget og program for å sikre at det er i tråd med kursregelverket.

Del 1:

Første del av kurset gjennomførast individuelt. Denne delen består av sju videoar, refleksjonsspørsmål til kvar video og ei liste over relevant litteratur. Refleksjonsspørsmåla kan diskuterast i gruppe på legesenter, gjerne ilag med oppfølgingstenesta i kommunen, eller gåast gjennom individuelt. Estimert tidsbruk på denne delen er 45 minutt. Det vert forventa i tillegg at ein les relevant litteratur med estimert tidsbruk 90 minutt. Sjå vedlegg for lenker til videoar, refleksjonsspørsmål og relevant litteratur. Deltakarane må fullføre første del før de går vidare til del to av kurset.

#	Tema/videoer	Tid
1	Hva er digital hjemmeoppfølging Kort om prosjektet og rammer.	15 min
2	Praktiske erfaringer fra DHO Hvordan tenke som fastlege, og hvordan jobbe med responscenteret?	30 min
3	Teamarbeid og endringsledelse Hva er viktig, hvordan jobbe sammen på tvers av profesjoner og hvordan skape energi for ny arbeidsmetode?	25 min
4	Fornuftig ressursbruk og funn fra Oslo Economics Hvordan kan DHO bli lønnsomt for samfunn og pasient? Hvordan skape nytte for pasienten?	45 min
5	Pasientsentrert helseteam – erfaring og viten fra forskning Hvordan kan kunnskapen brukes ved DHO?	35 min
6	Etablering av DHO under ulike rammer	45 min
7	Helsepersonellkommisjonen Hva er viktig for fremtidens heletjeneste? Hvordan bør man tenke ved oppstart av DHO? Hvordan jakte gevinster?	40 min

Del 2:

Andre del av kurset har fysisk oppmøte. Med registrering frå klokka 09:30 til kursstart klokka 10. Tema for dagen er lista opp under med estimert tidsbruk.

Tema	Kven	Tid
Registrering	-	
Innleiing	Jan Ove Tryti, fastlege/leiar for legetenesta i Sogndal kommune. Leiar LF S&Fj.	15.min
Fastlegens rolle i DHO	Marius Tyssvang, bydelsoverlege Østensjø Bydel, Oslo. Marte Vaage Øie, kommuneoverlege i Ørsta.	60.min
Organisering av DHO lokalt	Jofrid Aardalsbakke Djupvik, prosjektleiar DHO, Sunnfjord kommune. Lisbeth Hoggen Totland, helsesjukepleiar. Søre Sunnmøre Legevakt. Silje Flølo, avansert klinisk sjukepleiar. Skei Heimeteneste.	45.min
Eigenbehandlingsplan. Kols og hjartesvikt.	Ole Lervik, lungelege, Helse Førde. Dag Fadnes, kardiolog, Helse Førde.	90.min
Digitalt utanforskap	Annette Eri Norevik, USHT.	30.min
Praktisk demo	Jofrid Aardalsbakke Djupvik, prosjektleiar DHO, Sunnfjord kommune. Lisbeth Koggen Totland, helsesjukepleiar. Søre Sunnmøre Legevakt.	30.min
Brukarhistorier	-	30.min
Workshop med plenumsdeling	-	35.min
Avslutning	Jan Ove Tryti, fastlege/leiar for legetenesta i Sogndal kommune. Leiar LF S&Fj.	10.min

Påmelding

Påmelding innan 27.august [gjerast her](#).

Evaluerings

Vi ynskjer eit kurstilbod som vert opplevd meningsfullt og relevant for deltakarane. Vi ber derfor om en evaluering slik at vi kan justere kurset ved behov: [Evaluerings av emnekurs i DHO](#)

Velkommen til tverrfagleg emnekurs om digital heimeoppfølging!

Lokal kurskomité

Jan Ove Tryti, Sogndal kommune.

Kurt Even Andersen, Sunnfjord kommune.

Jofrid Aardalsbakke Djupvik, Sunnfjord kommune.

Ta kontakt ved spørsmål!

Jofrid.aardalsbakke.djupvik@sunnfjord.kommune.no